

**2017/17596****Førebels rapport om tilskot til verna kulturminne i Hordaland**Eldhuset på Gripen gard vart tildelt kr 40 000

Sikring av eldhusomnen og pipe vart gjennomført slik at arbeidet på eldhustaket kunne byrje. Halve taket er no restaurert med tak av den gamle steinen, medan det står att litt arbeid på den andre halvdel. Eldhuset er i drift, men det er framleis fleire tiltak som må utbetrast før huset er ferdig vølt. Meland kommune har i tillegg til Hordaland Fylkeskommune ytt 20 000,- i tilskot. Gripen Gard ved Helene Olli Sollid har sendt rapport med rekneskap, bilag og før/etter-fotodokumentasjon.

Prestebryggja på Husebø vart tildelt kr 40 000

Arbeidet med restaurering av Prestebrygga er fullført og ho er no i god stand og i presentabel forfatning. Tørrmuringsarbeidet vart avslutta i november 2018. God prosjektstyring førte til at prosjektet fekk ein total kostnad på 29 466,- altså mindre enn dei vart løyva. Holsnøy Kystlag har sendt rapport med kvitteringar for utgiftene etter ferdigstilling av brygga.

Uthus ved Holmestova vart tildelt kr 30 000

Eigarar av Holmestova har fått estimert ein kostnad på kring 177 525,- frå Museumssenteret i Hordaland. Restaureringsprosjektet har motteke 50 000,- frå Meland kommune i 2017 og 30 000 frå Hordaland Fylkeskommune i 2018. Dei planlegg å søkje om nye tilskot for 2019. Eigarane har sendt søknad om å utsette restaureringa til dei veit om dei mottek meir tilskot for 2019. Per dags dato har dei ein eigenkapital på kr 97000,-

Tiltak	Tildelt	Utbetalt
Eldhus på Gripen Gard	40 000	40 000
Prestebryggja på Husebø	40 000	29 466
Uthus ved Holmestova	30 000	0
Sum	110 000	69 466